

## **Referat frå elevråd 17.04.24**

**Til stades:** Per-Jetmund og Kamilla (10B), Even og Eline (10A), Kevin og Miranda (9B), Emma og Noa (9A), Emely og Lina (8B), Nikolay 8A og Grete.

**Forfall:** Kornelius 8A

### **Sak 1. Informasjon om Kjentmann. På kva måte merker elevane skulen sitt førebyggjande arbeidet med rus og har elevane sjølv innspel til dette arbeidet.**

Grete ga informasjon om Kjentmann. På vår skule er det 2 personer i personalet som blir kursa i Kjentmann. Det er Eva M og Grete. Amalie har allereie teke kurset Kjentmann. Skulen skal jobba med rusførebyggjande arbeid i skulen og målet med Kjentmannsordninga er blant anna å oppdage og identifisere rusbruk hos elevar. Skulen skal utarbeida rusplanar og ha gode rutinar/tiltak som auker sjansa for at elevar tek kontakt om dei sjølv eller medelevar har rusproblem. Elevane fortel at dei lærer om rus i naturfag, men ga uttrykk for at dei ønskja å læra meir om tema. Det kom ikkje inn noko innspel på korleis dei ønskjer å jobba med rus.

### **Sak 2. Nytt kommunalt ordensreglement – Endra ordensreglement høyringsbrev**

Grete informerte om at det nå er kome eit høyringsbrev i samband med endring av det kommunale ordensreglementet. Her skal blant anna Elevråd og FAU/SU uttala seg. Me gjekk igjennom ordensreglementet og såg på dei endringane som var kome. Det kom inn eit innspel i samband med §7-1 i regelverket. I samband med sanksjonar var det ein elev som bemerka at det var litt «drøyt» å ringja heim om ein elev ikkje leverte inn mobilen. Meinte det var nok med ein merknad.

### ***Referent***

Grete Reppe Håland